



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 925 604 313
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: VEST-TELEMARK KRAFTLAG HOLDING AS
Forretningsadresse: Høydalsmovegen 815
3891 HØYDALSMO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Mørselskap i konsern: Ja
Konsernregnskap lagt ved: Ja

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Stine Hille
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 08.05.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 06.08.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Annen driftsinntekt	4	18 590 000	17 031 000
Sum inntekter		18 590 000	17 031 000
Kostnader			
Lønnskostnad	6	12 449 000	11 304 000
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	12	303 000	344 000
Annen driftskostnad	8	5 953 000	5 416 000
Sum kostnader		18 705 000	17 064 000
Driftsresultat		-115 000	-33 000
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt	9	4 974 000	524 000
Annen finansinntekt	9	90 221 000	184 000
Sum finansinntekter		95 195 000	708 000
Annen rentekostnad	9	4 376 000	882 000
Annen finanskostnad	9	25 000	36 000
Sum finanskostnader		4 401 000	918 000
Netto finans		90 794 000	-210 000
Ordinært resultat før skattekostnad		90 679 000	-243 000
Skattekostnad på ordinært resultat	10	108 000	-93 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		90 571 000	-150 000
Årsresultat		90 571 000	-150 000
Overføringer og disponeringer			
Ekstraordinært utbytte		90 000 000	33 000 000
Overføringer til/fra annen egenkapital		570 000	-33 150 000
Sum overføringer og disponeringer		90 570 000	-150 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Utsatt skattefordel	11	2 000	95 000
Sum immaterielle eiendeler		2 000	95 000
Varige driftsmidler			
Maskiner og anlegg	12	775 000	986 000
Sum varige driftsmidler		775 000	986 000
Finansielle anleggsmidler			
Investering i datterselskap	15	410 194 000	410 194 000
Investeringer i tilknyttet selskap	15	7 388 000	7 388 000
Sum finansielle anleggsmidler		417 582 000	417 582 000
Sum anleggsmidler		418 359 000	418 663 000
Omløpsmidler			
Varer			
Fordringer			
Kundefordringer	16	2 871 000	744 000
Andre fordringer	16	90 527 000	650 000
Konsernfordringer	16	7 587 000	8 973 000
Sum fordringer		100 985 000	10 367 000
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	17	850 000	0
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		850 000	0
Sum omløpsmidler		101 835 000	10 367 000
SUM EIENDELER		520 194 000	429 030 000

BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	18	100 000 000	100 000 000
Overkurs	18	299 914 000	299 914 000
Annen innskutt egenkapital	18	-14 949 000	-15 520 000
Sum innskutt egenkapital		384 965 000	384 394 000
Sum egenkapital		384 965 000	384 394 000
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Utsatt skatt	10	0	0
Sum avsetninger for forpliktelser		0	0
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	19	113 000	6 832 000
Sum annen langsiktig gjeld		113 000	6 832 000
Sum langsiktig gjeld		113 000	6 832 000
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	20	0	180 000
Gjeld til kredittinstitusjoner	20	196 000	8 000
Gjeld til kredittinstitusjoner	20	1 387 000	1 546 000
Betalbar skatt	20	15 000	0
Skyldige offentlige avgifter	20	260 000	265 000
Utbytte	20	90 000 000	33 000 000
Annen kortsiktig gjeld	20	802 000	1 225 000
Annen kortsiktig gjeld	20	41 558 000	668 000
Annen kortsiktig gjeld	20	899 000	911 000
Sum kortsiktig gjeld		135 117 000	37 803 000
Sum gjeld		135 230 000	44 635 000
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		520 195 000	429 029 000



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt	1,2,3	687 245 000	356 989 000
Annen driftsinntekt	1,4	23 472 000	21 213 000
Sum inntekter		710 717 000	378 202 000
Kostnader			
Varekostnad	5	232 566 000	88 413 000
Lønnskostnad	6	47 393 000	48 092 000
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	12	32 007 000	30 579 000
Annen driftskostnad	8	70 164 000	57 044 000
Sum kostnader		382 130 000	224 128 000
Driftsresultat		328 587 000	154 074 000
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt	9	3 124 000	395 000
Annen finansinntekt	9	866 000	709 000
Sum finansinntekter		3 990 000	1 104 000
Annen rentekostnad	9	10 925 000	5 301 000
Annen finanskostnad	9	67 000	57 000
Sum finanskostnader		10 992 000	5 358 000
Netto finans		-7 002 000	-4 254 000
Ordinært resultat før skattekostnad		321 585 000	149 820 000
Skattekostnad på ordinært resultat	10	167 233 000	78 346 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		154 352 000	71 474 000
Årsresultat		154 352 000	71 474 000
Overføringer og disponeringer			
Ordinært utbytte		90 000 000	33 000 000
Overføringer til/fra annen egenkapital		64 353 000	38 475 000
Sum overføringer og disponeringer		154 353 000	71 475 000



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
---------------------	-------------	-------------	-------------



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Konsesjoner, patenter, lisenser, varemerker og lignende rettigheter	11	3 956 000	3 640 000
Sum immaterielle eiendeler		3 956 000	3 640 000
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom		136 281 000	140 014 000
Maskiner og anlegg		688 770 000	641 051 000
Sum varige driftsmidler		825 051 000	781 065 000
Finansielle anleggsmidler			
Investering i annet foretak i samme konsern	15		0
Lån til foretak i samme konsern	15	15 000	13 000
Investeringer i tilknyttet selskap	15	7 915 000	7 914 000
Investeringer i aksjer og andeler	15	10 289 000	10 289 000
Sum finansielle anleggsmidler		18 219 000	18 216 000
Sum anleggsmidler		847 226 000	802 921 000
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		23 199 000	21 027 000
Sum varer		23 199 000	21 027 000
Fordringer			
Kundefordringer	16	87 288 000	102 629 000
Andre fordringer	16	120 707 000	61 493 000
Sum fordringer		207 995 000	164 122 000
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	17	132 186 000	1 290 000
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		132 186 000	1 290 000
Sum omløpsmidler		363 380 000	186 439 000



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
SUM EIENDELER		1 210 606 000	989 360 000
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	18	100 000 000	100 000 000
Overkurs	18	299 914 000	299 914 000
Annen innskutt egenkapital	18	101 025 000	36 672 000
Sum innskutt egenkapital		500 939 000	436 586 000
Opptjent egenkapital			
Minoritetsinteresser	18	2 000 000	0
Sum opptjent egenkapital		2 000 000	0
Sum egenkapital		502 939 000	436 586 000
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Utsatt skatt	10	37 620 000	23 754 000
Sum avsetninger for forpliktelser		37 620 000	23 754 000
Annen langsiktig gjeld			
Obligasjonslån	19	901 000	901 000
Gjeld til kredittinstitusjoner	19	113 000	6 832 000
Øvrig langsiktig gjeld	19	303 000 000	300 000 000
Sum annen langsiktig gjeld		304 014 000	307 733 000
Sum langsiktig gjeld		341 634 000	331 487 000
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	20	0	1 988 000
Leverandørgjeld	20	50 074 000	58 267 000
Betalbar skatt	20	153 367 000	68 749 000
Skyldige offentlige avgifter	20	11 251 000	17 128 000
Utbytte	20	90 000 000	33 000 000
Annen kortsiktig gjeld	20	61 341 000	42 155 000



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Sum kortsiktig gjeld		366 033 000	221 287 000
Sum gjeld		707 667 000	552 774 000
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		1 210 606 000	989 360 000



VEST-TELEMARK KRAFTLAG HOLDING

Årsmelding

for året 2022

82. driftsår



VEST-TELEMARK KRAFTLAG HOLDING

HISTORISK OVERSYN

Vest Telemark Kraftlag blei stifta 13. september 1940 av kommunane Lårdal, Mo, Vinje, Kviteseid og Seljord; - som eit selskap der deltakarane hadde avgrensa økonomisk ansvar (BA).
I 1948 blei Fyresdal kommune medeigar og i 1981 blei det vesle Kilen Kraftlag i Kviteseid overteke. Så i 2000 blei Nissedal Kommunale Elverk (NKE) fusjonert inn og Nissedal kommune gjekk då inn på eigarsida i VTK i høve til dei verdiane som låg i verksemda. NKE var stifta i 1921.
VTK stifta i 1948 Skafså Kraftverk AS saman med Hydro og i 1960 Sundsbarm Kraftverk DA saman med Skienfjordens kommunale kraftselskap (SKK).

Som fylgje av lovendring (lov om interkommunale selskap §41) blei VTK (BA) omorganisert til aksjeselskap (VTK AS) med verknad frå 01.01.2002. Omorganiseringa skjedde ved namneendring og nye vedtekter. Aksjekapitalen på 100 mill.kr blei fordelt i same høve som andelskapitalen i BA-et. Eigarane har inngått avtale som regulerar aksjeomsetning og styreval m.m. Vedtaket om omorganisering blei gjort i representantskapet 10.01.2002 og var samrøystes.

Ei ny lovendring medførte at VTK blei omdanna til konsern med mor (VTK HOLDING) og 2 døtrar (VTK NETT og VTK KRAFT) med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2021. I 2022 bytte VTK NETT namn til **Telemark Nett AS** på bakgrunn av forskriftskrav.

EIGARSKAP OG FØREMÅL


VTK HOLDING AS er eigd av Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommunar. Nissedal eig 5%, dei andre 19% kvar. Aksjekapitalen er på 100 mill.kr.

Føremålet med VTK-konsernet er å bygge og drive anlegg for kraftproduksjon, kraftoverføring og breiband, - og drive med kraftsalg og levere administrative og kunderetta tenester.

Alle 3 selskapa i konsernet har forretningskontor i Høydalsmo i Tokke kommune.

Telemark Nett AS har eit afdelingskontor i Treungen, Nissedal kommune.

OVERSIKT OVER SELSKAPSSTRUKTUREN



STYRETS ÅRSMELDING 2022

GENERELT OM ÅRET 2022

Samandrag

Året 2022 var svært tørt fyrste 8 månader og relativt mildt. Ref. Åmdal var nedbøren 89% av normalen (81). Temperaturen var 5,0 grader (4,0).

Kraftproduksjonen (VTK AS) var på historisk lågmål, men ekstreme kraftprisar og 100% spotstrategi gav likevel «all time high» i inntening.

Fiberutbygginga (VTK AS) gjekk vidare med uendru aktivitet og mange nye område fekk fibertilgang. Brutto investering på 28 mill.kr.

Nettverksemda (Telemark Nett AS) hadde eit år med svært lite feil og høgaste leveringsregularitet nokon gong. Mange km med gamle luftlinjer blei ombygd til jordkabel eller isolert luftkabel. Godt økonomisk resultat som fylgje av lågt nettap og høg inntektsramme.

Konsernets Resultatet: 322 mill.kr før skatt er det beste nokon gong. Etter skatt 154 mill.kr og 90 mill.kr i utbytte.

Den vidare omtala går på selskapsnivå:

Vest-Telemark Kraftlag AS

VTK AS har **kraftproduksjon, kraftomsetning og fiber** som sine forretningsområde. Selskapet har 3 tilsette (2,4 årsverk) og kjøper i tillegg tenester frå morselskapet, frå nettselskapet (bygging og drift av fiber) og eksternt. Selskapet administrerer Skafså Kraftverk ANS. I 2022 vedtok styret å utvide ativiteten innom kraftproduksjon til også å omfatte ny fornybar (sol og vind) og tilsette i den samanheng ein forretningsutviklar til å utvikle dette nye satsingsområdet.

Selskapet hadde ei omsetning på **510 mill.kr** som er 236 mill.kr (86%) auke i høve til 2021. Resultatet etter skatt blei **107 mill.kr**, som bare er 33 mill.kr (46%) meir enn fjoråret. Årsaken til den «relative resultatmedgangen» er ein kraftig auke i skattetrykket ved at skatteprosenten for grunnrente auka frå 37% til 45% frå 1.1.2023 og ei ny avgift på produksjon (høyprisbidrag) frå 28.9.2023; - på 23% av inntekter utover 70 øre/kWh. Total meirkostnad for VTK AS er ca 28 mill.kr.

For detaljer sjå omtala under kvart verksemdsområde.



Kraftproduksjon

VTK AS har produksjon i desse kraftverka:



Namn	Kommune	År	Middelproduksjon	Eigardel
Åmdal (Skafså)	Tokke	1953	160 GWh	67 %
Osen (Skafså)	Kviteseid	1954	85 GWh	67 %
Gausbu (Skafså)	Tokke	1996	40 GWh	67 %
Skree (Skafså)	Fyresdal	1995	40 GWh	67 %
Sundsborn	Seljord	1971	470 GWh	8,5 %
Trontveit	Nissedal	2019	4 GWh	100 %
Naurak	Nissedal	2000	1 GWh	100 %

Normalproduksjonen er **260 GWh** på VTK si hand. Etter eit tørt år i 2021, fekk vi eit påfølgande tørt år i 2022.

Dei fyrste 7 månadene er det tørraste som er målt i løpet av 125 år (ref Mykland målestasjon). Mykje nedbør utover hausten retta opp det totale bildet for året noko. Nedbøren ref Skafså gjekk frå 81% av normalen i 2021 til 89% i 2022. I juli og august var det store utfordringar med å oppfylle konsesjonsvilkåret om minst 30 m³/sekund ut av Nelaug. Naturens bidrag var heilt nede i 3 m³/sekund på det lågaste. Nødvendig tilleggsvolum blei skaffa ved å tappe (produsere) frå Borsæ, noko som gav låg vassstand, men aldri under LRV. Situasjonen blei nytta til å forlenge båtutsettet.



VTK sin produksjon blei bare **170,0 GWh** (268,5 i 2021) eller omlag 65 % av normalen. Dette skuldast 2 tørre år på rad og at det blei produsert meir enn tilsiget i 2.halvår 2021 på stigande prisar. Sterke politiske signal om spare på vatnet i Q3-2022 påverka også den totale årsproduksjonen i 2022, men gav god magasinifilling inn i 2023. Det var lite vassap i 2022, kun registrert 0,38% av produksjonen. Produksjonstapet tilsvarar 1,1 mill.kr i «tapt produksjon».




Ny kraftutbygging

I februar blei det inngått falleligeavtaler og samarbeidsavtale med grunneigarar i Birtedalen i Fyresdal kommune og i november starta utbygginga av Nye Gjøv Kraftverk i regi av Birtedalen Kraftverk AS, som er eigd 80% av VTK AS og 20% av største falleligar. Utbygginga vil gje om lag 5 GWh kraft og skal starte opp produksjon i desember 2023.

Prisutvikling

Året 2021 gav oss stigande prisar til ein middelpriis over året på 77 øre/kWh. I 2022 har spotprisen i NO2 svinga mykje og enda med ein snittpris på 212 øre/kWh. Prissvingningane var (og er) heile tida i takt med utviklinga på produksjonskostnadene i gasskraftverka på kontinentet. Denne blir igjen styrt av prisutviklinga på gass og CO2-kvoter. Magasinsituasjonen i Norge betyr lite så lenge det ikkje er fure for flaum og vassstap.

Figurane under viser sumvariasjonen mellom gasspris og spotpris i perioden januar 2021 til februar 2023.



At prisen på gasskraft har blitt så styrande for prisen i Sør-Norge skuldast kombinasjonen av nye sterke kabelforbindelsar til kontinentet og England, samt massiv nedstenging av atom- og kolkraftverk dei siste åra. Det siste som ein konsekvens av det grønne skiftet (Die Energiewende) og Parisavtala. I tillegg så har prisen på CO₂-kvoter mangedobla seg og utgjer i dag omkring 50 øre/kWh for kraft produsert i gasskraftverk.

Figuren over viser utviklinga for NO₂ (Sør-Norge), Tyskland og Sør-Sverige. Normalt prisenivå før 2021 er også lagt inn. Ulike prisar mellom områda skuldast flaskehalsar i nettet. I eit kraftsystem heilt utan flaskehalsar i alle driftssituasjonar ville alle område hatt tilnærma lik pris (Systemprisen). På starten av året låg prisen i NO₂ (Kristiansand) mellom 150 og 100 øre/kWh for så å auke til ca 180 øre/kWh i mars og nådde toppnivå i august med 434,5 øre/kWh. Midtlare uvektu pris i NO₂ (Kristiansand) blei 212,7 øre/kWh, medan Systemprisen var 137 øre/kWh. Vårt område var altså 55% dyrare enn snittet på Nordpool.


Kraftomsetning

Denne aktiviteten dekker kraftsal til sluttbrukarar, kjøp og sal av kraft m.m. frå ymse småkraftprodusentar, kraftoppdekking og balanseavrekning.

Målet er å auke talet på kundar gjennom aktivt sal både i og utanfor Vest-Telemark.

Marknadsandelen er om lag 73% både målt i volum og antal kundar. Ein nedgang også dette året, men sett på bakgrunn av det pågåande telefonsalet, som mange av våre konkurrentar driv med, så er kundeloyaliteten imponerende høg. Dei kundane VTK ikkje har, er for ein stor del landsdekkande selskap som har sentrale avtaler med ein leverandør og utanbygds hyttekundar. Målet for VTK sitt sluttbrukarsal er å gjeru det enkelt, trygt og billigt for kundane, samt legge til rette for lokale løysingar. Etter at produktet «standard variabel» blei lagt ned frå 15.12.2022 har vi berre eit produkt: Spot+3 øre/kWh + mva.

Resultatmålet er inntekter på linje med kostnadene, dvs driftsresultat tilnærma null. Også i 2022 blei det eit lite underskot som fylgje av svikt i dekningsbidraget på andre kontrakter enn spot med påslag og redusert volum som fylgje av forbruchsnedgang.



Frå 2018 har Tokke kommune vore aleine om å ha inne eit element av tilbakeføring av konsesjonskraftverdiar til innbyggjarane. I 2022 var spotprisen høgare enn pristaket på 38 øre/kWh heile året og kundar på Tokkepris betalte difor 38 øre/kWh + mva. I snitt betalte våre øvrige kundar 203 øre/kWh + mva. Hushaldskundane fekk refusjon frå Staten utbetalt via nettleiga, slik at nettoppris blei om lag 110 øre/kWh + mva.

Økonomisk resultat Kraftproduksjon og Kraftomsetning

Kraftsal m.m.	489 mill.kr	(256)
Driftskostnader	223 mill.kr	(102)
EBITDA	266 mill.kr	(155)
Avskrivningar	3,5 mill.kr	(4)
Driftsresultat (EBIT)	262,5 mill.kr	(151)

VTK sin eigardel i Grunnåi Kraftverk AS på 18,4% er ikkje med i tala over, då dette selskapet rekneskapsmessig og skattemessig står på egne bein. Selskapet fekk i 2022 eit driftsresultat på 78 mill.kr og eit resultat etter skatt på 23 mill. kr.

Fiber m.m.

VTK si rolle er å eige, bygge og drive fiber stamnett og aksessnett samt nødvendige nodebuer. Også i 2022 var det stor aktivitet med brutto investering på 27 mill.kr (29) og 18 mill.kr (21) i netto etter frådrag for tilskot. Dei største enkeltprosjekt med offentleg støtte var i Fyresdal, Seljord og Nissedal, men det var elles stor aktivitet i alle eigarkommunane.

VTK fekk i 2022 inntekter på 18,3 mill.kr (16,1) frå utleige av fiberkabler m.m. til Telefiber. Dette gav eit ordinært driftsresultat på 5,2 mill.kr (4,2), men pga etterbetaling av gravekostnader for 3 år, blei rekneskapsmessig driftsresultat -1,1 mill.kr. Totalt er det investert 243 mill.kr siste 16 år. Av dette er 57 mill.kr finansiert av diverse anleggstilskot og altså 185 mill.kr finansiert av VTK. Bokført verdi av VTK sitt fibernet er 144 mill.kr.

Driftsinntekter	21,0 mill.kr	(17,4)
Driftskostnader	11,2 mill.kr	(4,8)
EBITDA	9,8 mill.kr	(12,6)
Avskrivningar	10,9 mill.kr	(9,9)
Driftsresultat (EBIT)	-1,1 mill.kr	(2,7)

VTK eig 40% av **Telefiber AS**. Selskapet blei stifta 28.08.2006 og held til i VTK-bygget med 6 tilsette. Selskapet driv med sal av breibandtenester og då primært produkt frå ALTIBOX, men dei siste åra har aktiviteten også vore stor innom prosjektering og bygging av fiberanlegg for eigarselskapa. Telefiber leverer breibandtenester i Vest-Telemark + Hjartdal. Selskapet har om lag 6700 kundar, av desse er 4600 i VTK sitt område. Selskapet hadde i 2022 ei omsetning på 65 mill.kr og betalte 27,5 mill.kr i fiberleige til eigarselskapa. Telefiber eig 41% av selskapet **NC-Spectrum** som held til i næringshagen i Kviteseid. NC-Spectrum er i sterk vekst og er motoren i næringshagen i Kviteseid. Førrebeles har dette selskapet ikkje betalt utbytte, men har prioritert vekst og eigenkapitaloppbygging.

Telemark Nett AS

Telemark Nett AS (TN) er det nye namnet på VTK-konsernets nettselskap. Endringa er ein konsekvens av forskriftskrav. TN sitt konsesjonsområde dekker eigarkommunane med unntak av Fjågesund i Kviteseid, Felle i Nissedal og Rauland i Vinje. Området utgjer omlag 40% av Telemark fylkes areal. TN har **nettverksemd** (regionalnett og distribusjonsnett), **sal av kraft på leveringsplikt** og **arbeid for andre** som sine aktivitetsområde. Selskapet har 42 tilsette og kjøper i tillegg tenester frå morselskapet, frå VTK AS og eksternt. Det er bare nettverksemda som gjev særleg bidrag til resultatet. Selskapet fekk i 2022 eit driftsresultat på 67,4 mill.kr (0,2) og eit **resultat før skatt 59,7 mill.kr**. Åraken til det gode resultatet er sterk auke i «tillatt inntekt» pga høgare avkastningsrente på nettkapitalen (15 mill.kr) lågare KILE-kostnader (13 mill.kr). Energitalet er redusert med 9 GWh, noko som aleine utgjer ca 20 mill.kr. I tillegg mindre utgifter til feilretting og reperasjonar.

Nettverksemda



Etter to år med svært krevjande utfordringar i høve til vær, blei 2022 det stikk motsette. Vi fekk eit år med lite feil og med tid til å gjennomføre planlagt arbeid. Har aldri før hatt så lite feil; - målt som ILE (ikkje levert energi).

(Re)investeringar

Investeringane i nettanlegg var på 73,9 mill.kr (64,4). Av dette var 60% reinvesteringar, dvs ombyggingar og fornyingar av gamle anlegg utan at nettets utsrekning endrar seg. Det blei henta inn 26,9 mill.kr (15,5) i anleggstilskot, slik at netto aktiverte investeringar i nettet er 47,0 mill.kr (49), ein reduksjon på 2 mill.kr i høve til 2021. Lista under viser dei største prosjekta i 2022:



- Regionalnett, ny spole i Einangsmoen trafostasjon, Fyresdal
- Regionalnett, fornying av flymarkørar, Kviteseid og Tokke
- Regionalnett, fornying av avrekningsmålarar
- 22 kV, fornying Hauggrend-Einangsmoen, Fyresdal
- 22 kV, fornying Treungen-Nissedal, Nissedal
- 22 kv, fornying Gausbu-Borsæ, Tokke
- 22 kV, ny Felehovet Hyttefelt, Nissedal
- 22 kV, ny Øverlandsheia Hyttefelt, Nissedal
- 22 kV, forsterking Einangsmoen-Molandsmoen, Fyresdal
- 22 kV, ny sjøkabel til Fjone kraftverk, Nissedal
- 22 kV, ny samanknytning Mostøyl-Dalane, Tokke og Kviteseid
- 22 kV, ny Seljord Næringspark, Seljord

I hovudsak er fornyingstiltaka å erstatte gamalt luftanlegg med jordkabel.





Talet på forbrukskundar var 15334 ved utgangen av året, som er ein auka på 220 (1,5%). Nye hyttekundar stod for 70% av veksten. Begge tala er om lag som i 2021.

Forbruket hjå nettkundane var 239,1 GWh (268,5), som er ein nedgang på 11%. Vi heilt må tilbake til 2007 for finne tilsvarende lågt forbruk. Reduksjonen skuldast mellom anna mild vinter, høg kraftpris og generell prisauke. Korrigert for datasenter i Fyresdal (ca 6 GWh) ville nedgangen vore om lag 13%. Næringsliv og hytter er dei kundegruppene som blei sterkast råka av den dramatiske auken i kraftprisen ut over året 2022. Den statlege refusjonsordninga dempa kraftprisen for hushald og andre som fekk refusjon frå Staten.





Innmatingskunder

Telemark Nett har 41 ordinære kraftverk tilkople nettet, 2 av desse er i regionalnettet og 39 i distribusjonsnettet. Installert effekt er høvesvis 37 MW og 64 MW. Det er også 112 kundar med eigenproduksjon < 100 kW tilkople nettet. Desse blir kalla «plusskundar» og blir tariffert etter eit eige og gunstig regelverk. Betalar bare nettleige for netto forbruk og ingen nettleige for innlevering av overskotskraft. Plusskundane leverte i 2022 264.000 kWh inn på nettet.




Nettleiga blei lagt om frå 1.7. som fylgje av forskriftskrav. Alle kundar betaler nå ei nettleige der summen av fastbeløp og effektleidd utgjer minst 50%. Effektleiddet (kapasitetsleiddet) er nytt og målet er at dette skal motivere til mest mogeleg jamt forbruk. Det gjev lågast nettleige for kunden og kan sparar nettselskapet for unødvendige forsterkingar. Betalt nettleige for forbrukskundar var i snitt 52,8 øre/kWh (ekskl avgifter). Auken skuldast 11% reduksjon i forbruket og dermed færre kWh-ur å fordele tildelt inntektsrumma på. Statnett dekte, ved hjelp av flaskehalsinntekter, alle kostnader til nettap utover 35 øre/kWh. Utan denne løysinga ville nettleiga ha blitt 23 øre/kWh høgare.



Nettleige mot overliggende nett

Etter at kablane til Tyskland og England kom i drift i 2021 snudde forteiknet for marginaltaps-% i Sentralnettspunkt i utkant-Norge. Dette førte til at forbruk i Vest-Telemark gjekk frå å få utbetalt energileidd til å måtte betale energileidd. For produsentane i Vest-Telemark blei det motsatt; - i tillegg til stigande spotprisar fekk dei også betalt av Statnett for å levere inn kraft på nettet. I tillegg auka det totale tapet i kraftsystemet; - pga store volum over lange avstandar, noko som forsterka problemet. Siste veka i august var marginaltapet-% i vårt område 10% og spotprisen 46 øre/kWh, noko som gav eit energileidd å betale for uttak på 46 øre/kWh (Energileidd=MT% *spotpris). Dette kunne ikkje halde fram utan dramatiske konsekvensar for nettselskap og deira kundar. Statnett sette difor frå 1. september alle marginaltaps-%-ar til null. Dette var heilt nødvendig men fall ikkje i god jord i NVE/RME. Kompromisset blei 0 i energileidd i september og oktober og deretter tilbake til tariffing, men med spotpris lik 35 øre/kWh.



Tankefors

Begge tiltaka over krevde at Statnett hadde økonomisk handlerom til dette. Det fekk dei denne gongen gjennom store meirinntekter, primært frå flaskehalsinntekter. Dette må kallast flaks; - fordi det er ikkje slik at høge spotprisar nødvendigvis gjev flaskehalsinntekter; - ein må i tillegg ha store prisskilnader på kvar side. Ved stadig forsterking av nettet i åra framover vil skilnaden bli mindre og Statnett sine meirinntekter vil bli lågare. Då er det ikkje sikkert at nettselskapa får hjelp til tapskostnader og energiledd. I så fall fell kostnadene automatisk tilbake på nettkundane viss ikkje Staten stiller opp med eigne midlar. Det er eit tankefors at Norge har etablert eit system som kan få slike ekstreme utslag for nettkundane.

Meir/Mindre - Inntekt (MMI)

VTK hadde ved inngangen til 2022 teke inn for mykje nettleige og hadde difor 11 mill.kr i gjeld til nettkundane. I 2022 tok ein inn 13 mill.kr for lite og har pr 31.12. difor 2 mill.kr til gode (mindreinntektssaldo).

Driftsresultatet for nettselskapet blei historisk høgt med ein auke frå 0 i 2021 til 67 mill.kr i 2022. I høve til nettkapitalens storleik og referanserenta, så ville 37 mill.kr (495 mill.kr * 7,47%) vera å forvente ved 100% effektivitetsnivå. TN sitt nivå i 2022 (basert på 2020 som var eit år med ekstreme KILE-kostnader) var bare 96%, det betyr at normalt driftsresultat ville ha vore om lag 30 mill.kr. Dei resterande 37 mill.kr er henta inn ved reduserte kostnader til nettap (volunedgang), KILE og drift generelt (lite feil og høg aktiveringsgrad).

Nettleige (tillatt inntekt)	190 mill.kr
Overføringskostnader og nettap	37 mill.kr
Driftskostnader	69 mill.kr
EBITDA	84 mill.kr
Avskrivningar	17 mill.kr
Driftsresultat (EBIT)	67 mill.kr

Sal av kraft på leveringsplikt

Kundar som ikkje syter for å skaffe seg ein krafteleverandør havnar automatisk som kraftkunde i nettselskapet. Volumet er om lag 7 GWh (3%) og prisen er Spot + 3 øre/kWh + mva. Påslaget dekker kostnadene og driftsresultatet er null.

Kraftsalg	14,4 mill.kr
Kraftkjøp	14,1 mill.kr
Driftskostnader	0,3 mill.kr
Driftsresultat (EBIT)	0,0 mill.kr

Arbeid for andre m.m.

TN er bemanna i høve til dei krav ein god beredskap krev. I periodar gjev dette overskotskapasitet som blir leigd ut til konsernets fiberaktivitet og til andre. Inntekter frå fellesføring og utleige av bygggestraumskasser blir også ført på dette aktivitetsområdet.

Arbeid for andre	4,2 mill.kr
Andre inntekter	0,7 mill.kr
Driftskostnader	4,5 mill.kr
Driftsresultat (EBIT)	0,4 mill.kr

Vest-Telemark Kraftlag Holding AS

VTK Holding følger opp konsernets strategiar og krav frå eigarane, samt forvaltar eigarskapen til dotterselskap og tilknytt selskap. Selskapet driftar administrasjonsbygget i Høydalsmo og leiger ut dette, samt leverer økonomi-, IKT- og kontortjenester til fleire selskap. Levering av kundesentertjenester til VTK AS og Telemark Nett AS er også ein stor aktivitet. I VTK-bygget leiger Vest-Telemark Brunnvesen IKS og Telefiber AS kontorplass i tillegg til VTK sine 3 selskap. I tillegg har konsernet to utleigebustader og to personalhytter som også blir fylgd opp i dette selskapet. Selskapet har 11 tilsette. Tenestene blir i hovudsak levert til sjølvkost.

VTK-konsernet har eigen Pensjonskasse med vilkår som i KLP. Administrasjonen er frå 1.1.2023 overført til Gabler AS. Kassa har 3 VTK-selskap, samt Skafså Kraftverk ANS og Telefiber AS som medlemsbedrifter. Kassa har ca 70 medlemmer og ca 60 pensjonistar. Samla fondskapital er på ca 180 mill.kr.

Driftsinntekter	18,6 mill.kr
Driftskostnader	18,7 mill.kr
Driftsresultat	-0,1 mill.kr
Netto finansinntekter	90,8 mill.kr
Resultat før skatt	90,7 mill.kr

ØKONOMISK RESULTAT OG FINANSIELLE FORHOLD

Generelt

Tala i denne oppstillinga inkluderer Naurak Kraftverk AS (100%) og Birtedalen Kraftverk AS (80%).

Resultatet er det beste nokon gong; - som fylgje av svært god inntening i kraftproduksjonen, men dette året også med eit stort bidrag frå nettselskapet. Dette skuldast svært høge spotprisar (ca 2 kr) og 100% sal i spotmarknaden med unntak av konsesjonskraftleveringa. Nettaktiviteten sitt positive resultat skuldast lågare kostnader (reduert tapsvolum, svært låge KILE-kostnader og reduserte reperasjonskostnader).

EBITDA auka frå 185 mill.kr til 360 mill.kr og utgjorde 51% av omsetninga på 711 mill.kr.

Driftsresultatet (EBIT) auka frå 154 mill.kr til 329 mill.kr.

Resultatrekneskapen

Driftsinntektene totalt er på 711 mill.kr, som er ein auke på 333 mill.kr (88%). Sjå note 2,3 og 4.

Kraftkjøp, overføringskostnader m.m. er på 233 mill.kr, som er ein auke på 144 mill.kr (162%). Årsaken er primært høgare kraftkjøpskostnader (Tokke kommune, diverse småkraftverk og spotkraft) pga utviklinga på spotprisen. Sjå note 5.

Postane over gjev eit **dekningsbidrag** (avanse) på 478 mill.kr, som er ein auke på 188 mill.kr.



Personalkostnader. Totale personalkostnader er redusert med 0,7 mill.kr (- 1,5%), men korrigert for meir aktivering er det ein auke på 1,0 mill.kr (2,0%), dvs noko lågare enn lønsauken.

Avskrivningane går opp med 1,4 mill.kr (5%) til 32 mill.kr som fylgje av årets mange og store investeringar. Jfr note 12 og **finansielle forhold** (neste side).

Eigedomsskatt og regulatoriske avgifter aukar med 11 mill.kr (Høgprisbidraget på kraftproduksjon frå 28.9.2022).

Andre driftskostnader aukar med 5% til 49 mill.kr. Auken skuldast ekstraordinære kostnader til fellesføring for fiberaktiviteten. Utan dette ville kostnadene gått ned med ca 3%. Jfr note 8.

Driftsresultatet blir med dette **329 mill.kr**, som er ein forbetring på 175 mill.kr.



Netto finanskostnader aukar med 2,7 mill.kr (65%) som fylgje av kraftig auke i det flytande rentenivået (NIBOR). Jfr note 9.

Resultat før skatt blir då 322 mill.kr som er 172 mill.kr (114%) betre enn i 2021.

Skattekostnaden er 167 mill.kr, herav 94 mill.kr i grunnrenteskatt. Det er i tillegg betalt 8 mill.kr i eigedomskatt og 11 mill.kr i «Høgprisbidrag», men desse blir ført som driftskostnader. Av den totale «skattekostnaden» på 186 mill.kr går 10 mill.kr (5%) til kommunane og 176 mill.kr (95%) til Staten. Sjå note 10.

Årsresultatet blir med dette 154 mill.kr, som er + 82 mill.kr i høve til 2021.

Finansielle forhold

(Re)Investeringar

Det er i året investert for 115 mill.kr (95). Av dette er 45 mill.kr (23) finansiert av kundar og andre (36 frå nettkundar og 9 frå fiberkundar/kommunar). Netto investeringar i året blir då 70 mill.kr (71). Desse fordelar seg slik på dei ulike områda:

- Kraftverka 1 mill.kr
- Nettanlegg 47 mill.kr
- Køyrety m.m 4 mill.kr
- Fibernett 18 mill.kr

Bare investeringar som er teke i bruk (spenningssett) er aktivert, resten er ført som anlegg under bygging. Netto aktivert er også 70 mill.kr. Jfr note 12.

Totalkapitalen aukar med 221 mill.kr (22%) til 1211 mill.kr. Årsuken er netto tilgang på unleggsmidlar (45 mill.kr) og auke i omløpsmidlar (176 mill.kr). Det siste skuldast primært auke i bankinnskot. Jfr note 12.

Langsiktig gjeld er 304 mill.kr, om lag som året før. Andelen lån frå eigarane har gått ned til 93 mill.kr som fylgje innløyning til 2 av aksjonærane. Kortsiktig gjeld aukar med 145 mill.kr til 366 mill.kr som fylgje av stor skattegjeld og avsett utbytte. Sjå note 19 og 20.


Netto gjeld (all gjeld minus omløpsmidlar) er ved årsskiftet 344 mill.kr, mot 366 mill.kr året før.

Eigenkapitalen er ved utgangen av året 503 mill.kr, ein auke på 66 mill.kr. Dette utgjør 41,6 % av totalkapitalen, som er ein nedgang 2,5 %-poeng.

Avkastning


På totalkapitalen før skatt:	30,2 %	(16,7)
På eigenkapitalen før skatt:	68,5 %	(35,9)
På eigenkapitalen etter skatt:	32,9 %	(17,1)

Balanse pr 31.12.2022



- Aksjekapital
- Overkursfond
- Fri egenkap.
- Gjeld
- Anleggsmidler
- Omløpsmidlar

Anleggsmidler, egenkapital og netto gjeld



DISPONERING AV ÅRSRESULTATET



Frå 2019 er styringssignalet frå eigarane at over tid skal 50% av resultatet betalast som utbytte. Tabellen under viser situasjonen akkumulert. Med eit utbytte på 90 mill.kr for 2022 så er strategien (over)oppfylt.

VTK KONSERN	2019	2020	2021	2022	SUM 4 år
RESULTAT	48 440	16 199	71 482	154 352	290 473
UTBYTTE	17 500	17 500	33 000	90 000	158 000
Andel	36 %	108 %	46 %	58 %	54 %

Årets disponering:

Overføring til fri egenkapital	64,4 mill.kr	(38,3)
Utbytte	90,0 mill.kr	(33,0)
Sum disponering	154,4 mill. kr	(71,5)

Samla utbytte sidan 2000 har då kome opp i 575 mill.kr.



TILSETTE

VTK hadde ved utgangen av året 52 tilsette (50 årsverk) pluss 5 årsverk i kraftverka, dvs ca 55 årsverk totalt. Dette er om lag som året før. I tillegg kjem lærlingar og sommarvikarar.

LIKESTILLING

Konsernstyret har 6 eigarvalde medlemmer som er fordelt likt på kvart kjønn.

Av dei 56 årsverka totalt blei 9,5 utført av kvinner (10 personar). Kvinnene er tilsett i kontor- og reinhaldsfunksjonar, men vi har også ei kvinne innom elektrofuget (i kraftverk).

VTK har ingen vedteken strategi for å auke talet på kvinner utover det som fylgjer av lov og det generelle avtaleverket innafor Samfunnsbedriftene sitt virkeområde.

HMS OG BEREDSKAP

Internkontroll i samsvar med forskrifter er i drift. Arbeidssikkerheit, farlege tilhøve og andre

HMS-avvik blir registrert og fylgd opp. I 2022 hadde me 1 arbeidssikkerheit med fråvær. Alle avvik blir analysert og tiltaksvurdert. Totalt sjukefråvær i VTK var 4,1% mot 4,5% i 2021, herav 1,4% (0,5%) eigenmeldt. Gjennomsnittet siste 10 år er 3,6 %. VTK er tilknytta bedriftshelsetenesten Bedriftshelsen AS.

Risiko og sårbarhet (ROS) for VTK si totale verksemd er analysert og tiltaksvurdert. Beredskapsplan og internkontroll er ein del av dette. VTK sine beredskapsressursar baserer seg i stor grad på egne fast tilsette, men vi har også viktige samarbeidspartnarar eksternt; - helikopter, tungtransport, skogryddarar, grossistar og andre nettselskap.

Det blei ikkje sett raud beredskap i 2022.

Utgreiing etter åpenhetsloven publiserast på VTK sin heimeside innan 30.juni 2023.

Koronasituasjonen: VTK sette beredskap 12.mars 2020 og gjennomførte dei tiltak som blei tilrådd frå sentralt hald, men vi har i liten grad nytta heimekontor. I 2022 hadde vi ein god del influensa, både Korona og anna.

YTRE MILJØ

VTK produserer eit normalår 260 GWh fornybar straum i vasskraftverk og bidreg til reduksjon av fossil kraftproduksjon i det Nord-Europeiske kraftsystemet. Våre kraftverk påverkar ikkje det ytre miljø i særleg grad utover det som var kjent ved konsesjonshandsaminga.

Nettaktiviteten påverkar naturmiljøet gjennom arealbruk til linje- og kabeltrasear. Våre arbeidsbilar og lastebilar går på diesel og har dermed eit visst CO₂-utslepp. Sidan det er avgjerande at vi er fullt ut mobile i alle situasjonar der straumforsyninga er råka av feil, er det førebels ikkje aktuelt å vurdere elektrisk drift av våre transportmiddel.

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Eigarstrategi

Den felles eigarstrategien slår fast at VTK sine mål er:

1. Maksimal verdiskaping for eigarane med unntak for sluttbrukarsal.
2. Sikre moderne og oppdatert infrastruktur i heile Vest-Telemark.
3. Vidareutvikle dagens forretningsområder.

Det står vidare at styret kan vedtaka og gjennomføre strukturelle endringar (oppkjøp, sal eller fusjon) innom ei ramme på 20% av selskapets balanse (dvs ca 160 mill.kr). Vidare at selskapet skal legge til grunn ein resultatbasert utbyttepolitikk, der forventninga er at det over tid skal delast ut 50% av årsresultatet som utbytte. Styret skal ved fastsetjing av det årlege utbytte ta omsyn til at eigarane ynskjer ein viss stabilitet, men også til selskapets behov for å finansiere vedtekne/nødvendige (re)investeringar og for å sikre at selskapet har ein kapitalisering som sikrar optimale lånevilkår i finansmarknaden. Eigarstrategien har også krav til systematisk informasjonsutveksling mellom styret og eigarane. Styret oppfattar strategien som førande for sitt arbeid ifrå 2019.

Det er varsla revidert eigarstrategi i 2023.

Kraftproduksjon (VTK AS). I samsvar med føremålet i vedtektene og eigarstrategien, har selskapet som mål å auke eigenproduksjonen ved å kjøpe kraftverk eller ta del i lønsame utbyggingar av små og mellomstore kraftverk, primært i Telemark. Trontveit kraftverk stod klar i 2019 og Birtedalen kraftverk er no under bygging. Glomfoss kraftverk (Fyresvatn Dam) er under prosjektering og snart klar for sluttshandsaming. I tillegg har VTK AS 2-3 andre prosjekt med konsesjon.

VTK AS har på nyåret 2023 gjennomført kartlegging av mogelege areal for bygging av solkraftverk og har som mål å realisere 1-2 av desse for å få erfaring og kunnskap.



Lønsemdu er heilt klart best i vasskrafta, men dersom prisene stabiliserer seg på ca 1 kr/kWh er også sol interessant. Nye kraftige straukablur har i aukande grad kopla Norge mot prisnivået på kontinentet; - eit nivå som i lange periodar blir styrt av kostnaden ved å produsere kraft basert på kol og gass. Her er denne kostnaden i prinsippet lik summen av CO₂-kvoter, gass og driftskostnader. Denne summen var ein periode i 2022 oppe i 5 kr/kWh, men har på nyåret 2023 stabilisert seg på 1,30 kr/kWh etter 80-90% prisnedgang på gass. Nivået i norske vassmagasin påverkar i liten grad prisene.

Fornybar straum blir meir og meir etterspurd og internasjonale selskap ynskjer difor å etablere energikrevjande produksjonar i Norge. Det er grunn til å tru at etterspørselen etter energi frå fornybare kjelder vil auke framover; -

både nasjonalt og internasjonalt. Den store utfordringa er at sol og vind er svært arealkrevjande i høve til fossil energiproduksjon, noko som lett vil utløse konflikt med det klassiske naturvernet. Vekst i etterspørselen må, for å realisere ny produksjonskapasitet, gje eit prisnivå på fornybar kraft som gjer denne verksemda lønsum på sikt. Dette føreset konkurransedyktige rammevilkår. I den samanheng er positivt at (re)investeringar i vasskraftverk >10MW frå 2021 kan utgiftsførast direkte i grunnrenteinntekta i år 1 med full utbetaling av negativ grunnrenteskatt. Det som framleis manglar er eit generelt fritak for grunnrenteskatt for dei fyrste 10MW i alle kraftverk. Dette for å likestille små og store kraftverk og for å unngå suboptimalisering i høve til val av generatorstorleik for å unngå grunnrenteposisjon.

VTK sin strategi for omsetning av kraftproduksjonen blei endra i 2017; - frå delevis prissikring på 1-3 års kontrakter til å selje alt i spotmarknaden. Dette som følgje av høg risiko i høve til volum og grunnrenteskatt. Denne strategien har i sum siste 5 år gjeve stor meirinntekt og då særleg i 2021 og 2022.

Kraftomsetninga til sluttbrukarar (VTK AS) blir handtert uavhengig av kraftproduksjonen. Kraft-oppdeckinga blir ordna gjennom kjøp i spotmarknaden og ved direkte kjøp frå Tokke kommune. Styret vedtok i 2020 at VTK AS skal halde fram med kraftomsetning til sluttbrukarar og at denne verksemda skal stå på egne bein økonomisk og med avkastningskrav i høve til eigarstrategien, p.t. driftsresultat lik null. VTK AS tilbyr no kraft også til kundar utanfor eigarkommunane og aktivt sal og kundeoppfølging skal prioriterast i 2023. Ny og moderne kundeapp tilknytt «min side» kom på plass i 2021. Frå 2023 tilbyr VTK AS 3 års fastpriskontrakter i samsvar med ny forskrift til ein pris på ca 80 øre/kWh. Liten interesse så lenge kunden må ta volum og prisrisiko. Vi har lagt fram for departementet utkast til justert forskrift slik at produktet kan bli meir kundevenleg.



Fiber (VTK AS).

Sidan 1995 har VTK bygd ut fibersamband til eige bruk. På generalforsamlinga i 2004 gav eigarane styret fullmakt til å setja i gang utbygging av eit breibandnett til allmenn bruk. Grunngevinga var mellom anna at god breibandsdekning til ein akseptabel pris er ein føresetnad for næringsutvikling, undervisning, nyskaping, gode offentlege tenester og interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark i åra framover.

